



Under årsmøtet til Jordvern Møre og Romsdal på Hjelset 6.4.2022 tok Øystein Solli(t.v.) over som leiar etter Kolbjørn Gaustad(t.h.).

ÅRSMELDING 2022

FORMÅL

Jordvern Møre og Romsdal (JMR) vart etablert 15.2.2016 som ein frittstående partipolitisk uavhengig interesseorganisasjon. JMR vil gjennom handling og målretta informasjonsarbeid mot media, politikarar og opinionen søkja å samla brei forståing og støtte for eit sterkt jordvern i Møre og Romsdal. I dette arbeidet er det viktig å understreka jordvernets betydning som ei brei samfunnssak.

ORGANISERING

Verksemda er basert på medlemskap med tilhøyrande kontingent. Møre og Romsdal Bondelag er sekretariat. Det er no etablert sjølvstendige jordvernforeningar eller -alliansar som dekker store delar av landet. Jordvern Norge er etablert som overbygning for jordvernforeningane og -alliansane. Det blir samarbeida om ein del felles saker og oppgåver. Dette gjeld særleg nasjonale saker og felles administrative oppgåver.

ÅRSMØTET I 2022

Årsmøtet vart halde på Hjelset/Skjevikåsen onsdag 6.4.2022. Dagen vart innleia med eit

Ope møte om E39 Lønset – Hjelset og jordvern

Det vart, i utgangspunktet og som ein del av årsmøtedagen, invitert til orientering og befaring på Hjelset. Nysnø gjorde imidlertid at befaringa måtte avlysast. I staden vart det invitert til ope møte/orientering om status for arbeidet med den ca 10 km lange vegstrekninga, særleg med vekt på jordvern og andre forhold knytt til landbruk. Møtet vart halde på prosjektkontoret til Statens vegvesen på Hjelset.

Halgeir Brudeseth, prosjektleiar i Statens vegvesen orienterte. Til saman 19 personar deltok, inkludert representantar frå hovedentreprenør Bertelsen & Garpestad. Det vart god tid til spørsmål og diskusjon.



Halgeir Brudeseth, prosjektleiar i Statens vegvesen, orienterte om status for framdrift og aktuelle forhold knytt til jordvern og landbruk på det opne møtet på Hjelset 6.4.

Årsmøtet

Etter gjennomført møte om E39 Lønset – Hjelset og jordvern var det invitert til årsmøte på klubbhuset til IL Hjelset – Fram på Skjevikåsen. Til saman var det 13 frammøtte, som alle innleiingsvis fekk seg ein matbit.

På grunn av smittesituasjonen vart årsmøtet i 2020 utsett, slik at det no vart halde årsmøte både for 2020 og 2021. Alle ordinære årsmøtesaker vart godkjent i samsvar med forslag.

Jordvern Møre og Romsdal har dermed hatt følgjande personar i ulike valde funksjonar i 2022:

Leiar: **Øystein Solli (ny, 1 år - 2022).**
Styremedlem/nestleiar: **Leif Inge Grebstad (gjenv som styremedl, ny som nestl, begge for 1 år-2022).**
Styremedl: **Atle Frantzen (gjenvvalg, 2 år – 2022 og 2023).**
Styremedl: **Helge Øverås (gjenvvalg, 1 år – 2022).**
Styremedl: **Sissel Hansen (ny, 2 år – 2022 og 2023).**
1.vara: **Karianne E. Skotte (gjenvvalg, 1 år -2022).**
2.vara: **Anne-Kristin Løes (gjenvvalg, 1 år – 2022).**
Valgkomite: Stein Brubæk (ikkje på valg, vald for 3 år i 2019, leiar i 2023).
Valgkomite: Nils Sigurd Drabløs (ikkje på valg, vald for 3 år i 2020, leiar i 2024).
Valgkomite: **Rune Sjøholm (ny, vald for 3 år i 2022, leiar i 2025).**
Vara valgk: Ingen vart vald.
Revisor: **Inge Martin Karlsvik (gjenvvalg, 1 år – 2022).**

Ettersom det ikkje vart gjennomført årsmøte i 2021 var no nesten alle funksjonar på valg.

Valgkomiteen kom også med framlegg på funksjonstid der det var behov.



Under årsmøtet. Frå v.: Kolbjørn Gaustad, Øystein Solli, Helge Øverås, Leif Inge Grebstad.

ARBEID OG SAKER I STYRET

I 2022 er det halde 2 fysiske styremøter, delvis med bruk av Teams i tillegg. Her er nokre av dei oppgåvene som har vore mest sentrale:

Oppfølging av arbeidet med kommuneplanar, reguleringsplanar, m.v.:

Det er avgitt høyringsuttaler til ei rekke saker i 2022:

DATO/ FRIST	SAK	KOMMUNE/ REGION
7.1.22	Oppstartmelding – Detaljregulering gnr 55 bnr 11 og 12 Gujordsvegen	Molde
15.2.	Detaljreguleringsplan E39 Ørskogfjellet – Vik	Vestnes
22.2.	Oppstartmelding - Øverbygda 61, Hjelset	Molde
23.2.	Utviding kyrkjegard	Ulstein
2.5.	Parkeringsplass Vigra	Giske
3.6.	3 detaljreguleringsplanar Åheim	Vanylven
30.9.	Fylkesstrategi landbruk	MR fylkeskommune

Det er avgitt færre høyringsuttaler i 2022 enn året før. I staden er enkeltsaker i større grad følgd opp. Alle avgitte uttaler kan lesast på <https://jordvern.no/more-og-romsdal/uttalelser/>.

Ope møte i samarbeid med Landbruk Nordvest med tema kantsoner, biologisk mangfald og jordvern:

Møtet vart halde på Gjermundnes 3.12.og passa med markering av Jorddagen. Det var ca 20 deltakarar.



Omtale av det opne møtet om kantsoner, biologisk mangfald og jordvern på facebooksidene til Jordvern Møre og Romsdal.

Årsmøte og konferanse i Jordvern Norge i Oslo 18.11.:

I konferansen var det foredrag ved kommunalminister Sigbjørn Gjelsvik og orientering om ulike regionale jordvernutfordringer. Olaf Gjedrem vart attvald som leiar i Jordvern Norge. Atle Frantzen deltok fysisk og Øystein Solli var med på Teams.



Frå årsmøtet og konferansen til Jordvern Norge i Oslo 18.11.

Vilkår knytt til jordhandtering/etterbruk av matjord:

Har vore sentralt tema over lengre tid, m.a. knytt til ny E39 Lønset – Hjelset.

Styremøter i Jordvern Norge:

Regionale jordvernforeningar og -alliansar har vore invitert til «open post» på Teams i samband med styremøter i Jordvern Norge. Kolbjørn Gaustad og Atle Frantzen har deltatt frå JMR.

Oppfølging av enkeltsaker:

Det har i 2022 særleg vore fokus på ny E39 Lønset – Hjelset i Molde kommune, planar for bustadbygging på Fremre Mo i Ørsta kommune og ny E39 Astad – Bjerkeset i Gjemnes kommune.



Det har vore stort engasjement rundt jordvernsaker i Ørsta siste året, med folkemøter, aksjonar, arrangement og underskriftskampanjar.



Tirsdag 24.5. vart det invitert til befaring på E39 på Hjelset og i Batnfjorden saman med seniorrådgjevar Toril Wikesland frå Norges Bondelag. Siktemålet var å bli orientert om status, planar, alternativ, erfaringar og utfordringar i dei to prosjekta. På Hjelset fekk vi god orientering frå Silje Dahl Jacobsen, som er prosjektingeniør hos hovedentreprenør Bertelsen & Garpestad. I Batnfjorden fekk vi god orientering frå den lokale arbeidsgruppa med representantar frå landbruket og bygda. Kort oppsummert viste dagen at det å ta vare på og flytta jordmassar er langt meir krevjande og utfordrande enn mange trur. Kompetansen og lokalkunnskapen i arbeidsgruppa er stor og gruppa kan presentera gode og velbegrunna forslag til vegtrase. Her er det blitt arbeida fram forslag som bør bli omsyntt både av planleggarar og politikarar.

Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal 2023 – 2026:

Jordvern Møre og Romsdal har deltatt i prosessen fram til ferdig fylkesstrategi, som vart vedtatt av fylkestinget i desember 2022. Strategien skal gje retning for utviklinga av landbruket på eit regionalt nivå, vera førande for fylkeskommunen og kommunane sine prioriteringar og bidra til å styrke landbruksnæringa. Strategien prioriterer 6 innsatsområder med tilhøyrande resultatmål. Eit av desse handlar om at produksjonsareala må sikrast for framtida:

Resultatmål 2:

Behalde landbruket sine produksjonsareal gjennom berekraftig bruk og forvaltning

Den beste måten å verne produksjonsareala i landbruket er ved å bruke dei til aktiv landbruksproduksjon. Verdien av jorda må opp, ved å auke kunnskapen om jordressursane.

Strategiar for å nå målet:

2.1 Arealforvaltning som vernar dyrka og dyrkbar jord mot nedbygging, og som sikrar at dyrkajorda vert vedlikehalden gjennom aktiv bruk

- Sørge for at maksimalt 100 da dyrka jord vert omdisponert til andre formål kvart år
- Styrke kommunal landbruksforvaltning sitt arbeid med langsiktige avtalar for leigejord og handheving av driveplikta
- Arbeide for arealnøytralitet som prinsipp i arealplaner: Dersom jord eller skog blir bygd ned, skal det erstattast med nydyrka jord eller skogplantning
- Fortetting av allereie nedbygd areal skal alltid vurderast før omdisponering av dyrka eller dyrkbar jord

MEDLEMSKAP, MEDLEMSVERVING, UTADRETTA KONTAKT

Betalande medlemmar

Pr dato	Antal medlemmar
31.12.2017	40
31.12.2018	55
31.12.2019	84
31.12.2020	85
31.12.2021	102
31.12.2022	99

Medlemsverving

Einaste faste inntektskjelda for Jordvern Møre og Romsdal er medlemskontingenten. Det er difor viktig å prioritera medlemsverving og administrative oppgåver som etter kvart kan gjera drifta lettare.

Æresmedlemar

Kristian Ormset

Kolbjørn Gaustad

Utadretta kontakt

Det er etablert eigen e-post: moreogromsdal@jordvern.no . Det blir drifta heimesider for JMR under www.jordvern.no . Dette blir gjort felles for jordvernforeningane.



Jordvernforeningen Møre og Romsdal

Atle Frantzen
Administrator · 18. mars 2022 · 🌐

Kommunane med vedtak om størst nedbygging av dyrka jord i 2021:
Førebels tal for dyrka jord omdisponert til andre formål enn landbruk. Kjelde: SSB.

Kommunane med størst nedbygginga av dyrka jord i 2021
Førebelse tal på dekar dyrka jord omdisponert til andre formål enn landbruk i 2021.

Kommune	Tal på dekar
Stjørdal	208
Ringsaker	165
Haugesund	153
Stavanger	141
Bergen	114
Lillehammer	96
Klepp	84
Sarpsborg	62
Ørsta	62
Vestre Slidre	62
Time	61
Vestvågøy	60
Nes	54
Melhus	53

👍👎👏 8

1 deling Sett av 81

Frå facebookgruppa «Jordvernforeningen Møre og Romsdal» 18.3.2022..

Facebookgruppa «Jordvernforeningen Møre og Romsdal» er vidareført i 2022. Gruppa er offentleg og ikkje knytta til medlemskap. Ved årsskiftet hadde gruppa ca 200 medlemar. Gruppa har hatt bortimot 80 innlegg i 2022. Antal medlemar i gruppa har hatt god auke og antal innlegg er meir enn fordobla samanlikna med 2021.

Jordvern Møre og Romsdal

Resultatregnskap 2022

	<u>2022</u>	<u>2021</u>
Driftsinntekter		
Tilskudd		25 000,00
Kontingent	25 300,00	26 850,00
Arrangement	1 200,00	
Renteinntekter	126,00	49,00
Sum driftsinntekter	26 626,00	51 899,00
Driftskostnader		
Gebyr	73,50	63,00
Reisegodtgjørelse		372,00
Arrangement		5 804,00
IT/ hjemmeside		
Diverse	1 935,00	2 532,07
Styremøte	346,00	120,00
Sum driftskostnader	2 354,50	8 891,07
ÅRSRESULTAT	24 271,50	43 007,93

Balanse pr. 31.12.2022

	<u>2022</u>	<u>2021</u>
Eiendeler		
Bank	114 921,36	91 876,86
Til gode medl./tilskudd		3 143,00
Sum eiendeler	114 921,36	95 019,86
Egenkapital og gjeld		
Egenkapital	114 921,36	90 649,86
Leverandørgjeld		4 370,00
Sum egenkapital og gjeld	114 921,36	95 019,86

Revisjonsberetning for Jordvern Møre og Romsdal for 2022

Regnskapet for 2022 er kontrollert. Bokføring og avslutting er kontrollert, og det samme er samtlige bilag. Det er ikke funnet noen feil eller mangler.

Regnskapets dokumentasjon er særdeles ryddig og oversiktlig. Regnskapet gir riktig bilde av lagets drift og økonomiske status.

Eide 30.03.2023

Inge Martin Karlsvik

